



I festnemnda sit førebels Randi Nybakk, Rigmor Rasmussen og Bjørgulv Eik

Eit førebuande møte ikveld synte at det er interesse for å skipa til ein god, gamaldags haustfest i ungdomslaget laurdag 17. oktober. Det vert ein dugnadsfest der kor, musikklag og andre grupper vert spurt om å delta. Det er alt bestemt at det skal vera tale, Daltrekk, matøkt, sceneinnslag og dans.

Ungdomslaget vil gjenskapa eim haustfest slik det var på 1960-talet og framover. Det skal ikkje vera ein mimrekveld, men med programinnslag som avspeglar vår eiga tid.

Med i festnemnda er Rigmor Rasmussen, Bjørgulv Eik og Kristian Bringedal. Om to veker vert det kalla inn til eit nytt møte. Dei som vil vera med og skipa til haustfest, kan melda frå til festnemnda.

Tekst og foto: Kristian Bringedal
Nett: Ola Matti Mathisen